

VOLDA 12.07.2019  
Tlf.Jan M. 70 07 49 94  
Tlf.sentral 70 07 49 90  
E-post [jan@mulvik.no](mailto:jan@mulvik.no)  
Org.nr. 941 987 516 MVA

## Hareid kommune

Dykkar ref.: Silja Øvrelid

Vår ref.: Jan M. Ose

### Oversending av framlegg til detaljreguleringsplan for «Åsen-Engeskardet hyttefelt», PlanID: 1517-20170002.

Etter avtale vert framlegg til detaljreguleringsplan for hyttefeltet og ny avkøyrsløse frå Almestranda oversendt for gjennomsyn, vidare kommunal handsaming og utlegging til offentleg ettersyn.


Planframlegget er i det vesentlege utarbeidd i samsvar med overordna plan, og så langt råd er med omsyn til innspel til varsel om oppstart. Vedlagte illustrasjonar er ikkje juridisk bindande.

Målet med planarbeidet har vore å legge til rette for utviding av Engeskardet hytte- og naustområde, og samtidig etablere ei tryggare avkøyrsløse frå den kommunale vegen. Det har elles vore eit mål å omregulere internveggar til køyreveg i samsvar med etablert bruk, samt å etablere ein slakare tilkomst til naustområdet.

Utvidinga gjev 10 nye hyttetomter og 14 nye båtplassar i naust. I tillegg er det regulert inn ein ny molo på austsida som saman med forlenging av eksisterande molo gjev ei lun hamn for flytebyggjer og småbåtar. Det er også lagt til eit område for felles båtopptrekk langsmed eksisterande molo.

Med dette vurderer vi planframlegget som tilstrekkeleg opplyst, og ser fram til eit snarleg planvedtak.

For Per Mulvik AS



**Jan Magnus Ose(sign.)**  
Prosjektingeniør/planleggar

Vedlegg:

- Planframlegg «Åsen-Engeskardet hyttefelt» – PlanID: 1517-20170002